Super Sámi Bros
Side 8

Bjarte Ytre-Arne
Side 12

MEDLEMSBLAD FOR KRINGKASTINGSRINGEN NUMMER 1/2026

KRINGOM

Kringkastingsprisen til Vidar Eidhammer!

SIDE 6

Foto: Susanne M. Egset

KRINGOM

MEDLEMSBLAD FOR KRINGKASTINGS-RINGEN

BLADSTYRAR
Aksel Torsnes Mehlum

PRODUKSJON
Fonna Forlag

TRYKK
Merkur Grafisk AS

OPPLAG
900

KONTAKT
post@kringkastingsringen.no

Kringkastingsringen
Pb. 2987 Tøyen
0608 Oslo

www.kringkastingsringen.no

MEDLEMSKAP
Kringkastingsringen arbeider for at NRK skal nytta minst 25 prosent nynorsk, og at det skal bli meir nynorsk i alle andre radio- og fjernsynskanalar. Fleire medlemer gjev større gjennomslag. Du kan melda deg inn på heimesida og via kontonummer 3480 17 48343 eller Vipps-nummer 515993. Hugs namn og adresse. Medlemskap kostar 350 kroner. Medlemer under 30 år betaler 200 kroner.

BLI MED!

INNHALD

3 Leiar
4 Nytt
6 Kringkastingsprisen!
8 Super Sámi Bros
12 Intervju: Bjarne Ytre-Arne
16 Lagsnytt
17 Reprise
18 Kviss og kryssord

KRING-
KASTINGS-
RINGEN

JÓGVAN HELGE GARDAR
styreleiar

Foto:Vemund Knudsen

Kva brukar du tida på?

Ei undersøking publisert av bokhandlarkjeda Norli i mars understreka det ein har sett i butikkhyllene dei siste åra: Sjølv om ungdomen har funne att ei viss leselyst, er hugen oftast vend mot bestemde typar bøker. Det er mykje fantasy og romantikk, og *alt* er på engelsk. Undersøkinga var rett nok avgrensa, med 300 litteraturinteresserte mellom 16 og 23 år, men av dei svara berre to prosent at dei føretrekte å lesa på norsk.

Det er lett å gjera narr av sjangrane og bøkene, men det er språkvalet som er verkeleg skakande. Medan den angloamerikanske massekulturen held fram med å fløyme over oss, no akselerert av tekgigantar og TikTok, vert det stendig mindre plass til oss sjølve, det me har bruk for, og det me bryr oss om.

Nei, det er ikkje farleg å lesa mykje engelsk. Og nei, det er ikkje urovekkjande at ungdomen les bøker utan større litterær verdi. Men det som lyt uroe oss, er alt det som vert vekke når merksemda rettar seg mot endå fleire produkt som ikkje kjem frå oss, som ikkje er organiske, og som ikkje forpliktar seg til å byggje vidare eller tilføre noko nytt.

Dei gode kulturuttrykka er dei som lèt seg påverke av samtida og omkverva, og som tek på seg – om aldri så subtilt – å uttyde samfunnet rundt seg. I Noreg kan dét, med få unntak, berre skje på norsk. Utan den kulturelle bagasjen som ligg i det særskilde og det lokale, vert kulturprodukta berre underhaldning. Dei vert utan kraft til å seia oss noko meir enn det som står på sida eller i manus.

Dette har målrørsla alltid visst. Men i alt ståket med politikk og kampanjar og krav, som også her tek så mykje merksemd, er det lett å gløyme at norskdomsrørsla sit med nykelen til ei av dei store utfordringane i vår tid.

Endringane me treng, kjem kanskje ofte ovanfrå. Og det er rett at offensiv språk- og kulturpolitikk ville gjort mykje for å betre situasjonen. Men også kvar av oss har makta til å gjenvinne litt av merksemda frå dei som tener pengar på ho. Men då må me byrja bruke tida på det me bryr oss om.



Arianhrod Engebø er programleiar for «P3 Live». Foto: Beate Oma Dahle / NTB.

NRK LANSERER NYTT MUSIKKPROGRAM MED ARIAN ENGEBØ

NRK har lansert «P3 Live», eit nytt radioprogram som set liveopplevinga, musikkjournalistikken og artistane i sentrum. Programmet blir sendt på P3 Musikk måndag til torsdag. Programleiar er **Arian Engebø**, skriv NRK i ei pressemelding.

– Eg håpar publikum oppdagar nye artistar, band og sjangrar dei ikkje visste at dei elska, seier Engebø.

Kvar tysdag skal «P3 Live» invitere artistar og band inn i musikkstudioet. Artistane framfører éin eigen låt og éin coverlåt, med oppgåva «ein låt eg skulle ønskje var min eigen». Konsertane går direkte på radio og blir filma samtidig.

– Dette er ei langsiktig og tydeleg satsing på musikk i NRK, seier musikksjef Mats Borch Bugge. (NPK)

Konsentrasjon i

Færre aviser er heilt uavhengige av dei store aviseigarane. Dei tre store aviskonserna i Noreg kontrollerer no 74,1 prosent av opplaget.

Den samla opplagsprosenten til dei tre største aviskonserna i Noreg, Amedia, Schibsted og Polaris Media, har auka nesten kvart år sidan 2020.

Medietilsynet seier at dei følgjer utviklinga tett framover.

– Vi har så langt ikkje sett noko som tyder på at oppkjøp og samarbeid har som formål å leggja ned sjølvstendige redaksjonelle einingar. Det er derimot viktig at auka konsolidering ikkje fører til at dei redaksjonelle produkta blir for like, seier direktør **Mari Velsand** i ei pressemelding.

Opplagsdelen til konserna i 2024 var 74,1 prosent, mot 73,1 i 2023. Det var 255 aviser i Noreg i 2024, fem fleire enn året før.

Radiomarknaden i Noreg er stabil, melder Medietilsynet. NRK har 66 prosent

Foto: Cornelius Poppe / NTB.

Illustrasjon: Medier & demokrati

avismarknaden

av den daglege lyttinga, P4 22 prosent og Bauer Media nær 12 prosent. Det same gjeld den tradisjonelle tv-marknaden. NRK og TV 2 er klart størst. Når det gjeld bruk av strøymetenester, er TV 2 og NRK TV dei største aktørane saman med Netflix. (NPK)

Stør medieforsking

Medietilsynet har fordelt 5,3 millionar kroner til forsking på medium og dataspel for 2026. Støtta går til åtte forskingsprosjekt og seks mastergradsstudentar. Mellom anna får **Marianne Borchgrevink-Brækhus** ved UiB midlar til eit prosjekt som undersøkjer publikumshaldningar til bruk av kunstig intelligens i redaktørstyrte norske medium. **Egil Rogstad** ved Nord universitet får stønad til ein studie av NRK Sápmis praksisbaserte talentprogram for samisktalande journalistar, med særleg vekt på sørsamisk og lulesamisk. (Medietilsynet)

Unge definerer lokaljournalistikk på nye måtar

Svenske 18–25-åringar definerer lokaljournalistikk på ein annan og meir fleksibel og personleg måte enn dei som produserer lokale nyheiter, ifølgje rapporten frå forskingsprosjektet «Unga och lokala nyheter 2025 – vad, var, hur och varför?» ved Linnéuniversitetet i Kalmar. Lokalitet handlar ikkje lenger berre om geografi, men òg om relevans, relasjon, tillit og påverknad, skriv forskarane.

Unge vaksne er dessutan meir tekst- enn bilet- og videoorienterte. Det er eit av dei andre funna frå studien, som er gjord med laboratorietestar og djupneintervju.

For å nå målgruppa med lokaljournalistikk rår forskarane media til å vere der dei unge er, og gjere lokalnyheitene meir personlege. (Medier & demokrati)

PRIS

– Takk for prisen, no dreg eg vestover!

VIDAR EIDHAMMER trudde at han var ein vanleg publikummar på eit arrangement om nynorskteksting, då det brått vart kunngjort at det var tid for prisutdeling. Han fekk prisen for formidling av nyhende med ein presis og feilfri nynorsk som iblant er krydra med humoristisk snert.

Kringkastingsprisen for 2025 fann vegen til ein overraska vinnar då Kringkastingsringen hadde skipa til nynorskpub på Det Norske Teatret. Då styre- og juryleiar Jógvan Helge Gardar avslutta arrangementet med å lese opp grunngjevinga for prisen, vart det klart for alle kven som skulle heidrast.

20 ÅR MED NYHENDE PÅ NYNORSK

Eidhammer har vore i NRK i 20 år, det aller meste av tida som nyhendejournalist på Marienlyst. Han var både paff og glad etter å ha fått prisen:

– Det har vore utfordrande for ein skjoldabu å skulle nytte normert nynorsk, men det har vore jobben min i alle desse åra. Då er det stas å bli lagd merke til på ein så positiv måte, sa han i takketalen.

Men i vår ber det vestover når vinnaren skal byrje i NRK Vestland:

– No ser eg fram til å komme litt nærmare heimlege trakter, og kanskje eg kan losne litt på det normerte språket òg, humra Eidhammer på kjent vis.

PRIS MED LANG HISTORIE

Kringkastingsprisen har vore delt ut årleg sidan 1978 og går til ei røyst i eteren som utmerkjer seg med godt språk i radio eller tv, og som på ein framifrå måte nyttar nynorsk eller dialekt i det daglege arbeidet. Prisen består av eit diplom og eit kunstverk, i år laga av biletkunstnaren Erlend Wiggen Bliksrud.

GRUNNGJEVINGA:

«Prisvinnaren kjem frå Skjold i Rogaland og har vore ei kjær nyheitsrøyst i 20 år. Hans fremste varemerke er ein presis og feilfri nynorsk med ein snert av tørr humor.

Som nynorskpraktikant i eit av dei første kulla ved NRK Nynorsk mediesenter var vinnaren del av eit pionerarbeid som over 200 kollegaer etter kvart har vore gjennom. Heile tida etterpå har han arbeidd med nyheiter i NRK – som journalist, programleiar, reporter og produsent.

Vidar Eidhammer takka for prisen og fortalde at NRK Vestland blir neste stopp. I bakgrunnen står styre- og juryleiar Jógvan Helge Gardar. Foto: Susanne M. Egset.

Vinnaren er kanskje aller mest kjend for tallause Dagsnytt-bulletengar. I den krevjande jobben som bulletengjournalist formidlar han kompliserte saker på ein enkel og korrekt nynorsk. Kollegaer kallar han ei Dagsnytt-legende, men meir nyleg har han jamvel starta med tv. Her har han vist at han skjønner skilnaden mellom tv og radio, og at han veit å tilpasse språket til mediet. Som tv-journalist blir han ikkje for ordrik, men lèt bileta tale for seg – samstundes som han er like presis som på radio.

Medlemmene våre har lagt merke til prisvinnaren før. Han var ein av dei første som fekk nynorskkopp og diplom frå Kringkastingsringen for framifrå bruk av nynorsk i arbeidet. I nominasjonen denne gongen står det mellom anna: «Morgonsendingane hans er ein god start på dagen. Han er eit godt døme på at nynorsk er eit ypparleg radiospråk.» Vinnaren driv rett og slett nynorsk nyheitsformidling i meisterklasse.»

AKSEL TORSNES MEHLUM

TRE OM VIDAR EIDHAMMER

Silje Sande, redaksjonssjef for Dagsnytt og Nyheitsmorgon

Heilt frå starten har han vore ein produktiv og kunnskapsrik journalist som jobbar effektivt og alltid leverer på tid. Med ein særprega stil, langt rockehår og bandskjorte viser han at ein ikkje treng å sjå ut som ein revisor for å vere eit stødig nyheitsanker. Vidar er trygg på etikk og nyheitsvurderingar. Han er truverdig på lufta, og når han er i studio, risikerer vi alle å lære noko nytt om både viktige og mindre viktige ting.

Eivind Molde, kollega og tidlegare prisvinnar

Vidar har ei trygg, roleg og stødig stemme. Han formulerer seg enkelt. Eg trur ikkje at nokon rundt om i landet kan ha problem med å forstå innhaldet i det han seier. Han går ikkje inn i studio og «les opp» nyheitene. Han formidlar. Han snakkar. Han fortel oss rett og slett kva som har hendt – på ein behageleg måte.

Dyveke Buanes, distriktsredaktør for NRK Vestland

Gratulerer så mykje med prisen – eit strålande val av Kringkastingsringen! Vidar står for meg synonymt med truverd. Og i den verda vi lever i, er nett truverd den viktigaste kapitalen vi som eit redaktørstyrt medium har. Det er veldig flott at Vidar no skal jobbe for oss i NRK Vestland.

NYTT

Samiskkurs frå NRK til Treff-festivalen

NRK har eit viktig ansvar for å verne og styrkje samisk språk og kultur. I fjor lanserte dei eit digitalt opplæringsprogram kalla «Super Sámi Bros» for dei tilsette. Denne læringsressursen er no vald ut til Treff-festivalen i Tromsø april.

Treff-festivalen (Tromsø Educational Film Festival) er ein årleg festival i regi av UiT – Noregs arktiske universitet. Festivalen skal fremje film som pedagogisk verktøy og auke kvaliteten på film som blir brukt til utdanningsføremål.

I omtalen av læringsressursen på festivalsidene skriv NRK at målet har vore å auke medvitet om samiske spørsmål og byggje stoltheit kring det samiske mandatet NRK har.

Kurset er utvikla i samarbeid mellom kreative folk både i og utanfor NRK-systemet, og då det vart lansert i fjor, vart det snart det mest brukte og eit av dei best likte digitale kursa hjå NRK, står det vidare i omtalen. (Treff/UiT)

Sterke digitale

– Lokalavisene er ein viktig del av kvardagen for folk. Veksten i dei digitale lesartala viser at lokalavisene lykkast med å vere relevante, og kor viktig det er å ha vitale redaksjonar over heile landet, seier **Randi S. Øgrey**, administrerande direktør i Mediebedriftenes Landsforening (MBL).

76 prosent les minst éi avis dagleg, anten digitalt eller på papir, mot 77 prosent i 2024. Bruken av norske nettstader aukar med 0,5 prosent i fjerde kvartal 2025 jamført med året før. 76 prosent av mediekonsumet skjer på mobil, medan 13 prosent brukar pc og 11 prosent nettbrett. Lokalavisene har ei sterk

– Norske mediehus gjer gode strategiske val, seier Randi S. Øgrey i MBL. Foto: MBL.

lesartal for lokalavisene

digital utvikling og aukar med 7,6 prosent. Storbyavisene går attende med 5 prosent, nisjeavisene med 1,9 prosent og riksavisene med 1,5 prosent, ifølgje MBL.

SJU AV TI LES NETTAVISER KVAR DAG

Dei 176 målte avishusa går attende med 1,9 prosent frå 2024 til 2025 på tvers av papir og digitalt. Sju av ti les minst éi nettavis kvar dag, og 23 prosent les papiraviser dagleg. Samstundes strøymer no tre av fire nordmenn video, og 22 prosent lyder til podkast.

Med ei samla digital dekning på 1,9 millionar brukarar er VG Noregs største redaksjonelle nettstad. Deretter følgjer NRK med 1,4 millionar, TV 2 med 899 000 og Dagbladet med 872 000 brukarar.

FÆRRE LES PAPIRAVISER

Papiravisene går attende 7,3 prosent i 2025 jamført med 2024. Dei største lokalavisene går mest attende, medan dei 142 lokal- og regionavisene, med under 20 000 lesarar, samla går attende med 6,6 prosent. Lesing av e-aviser held seg stabilt; 4 prosent les e-aviser dagleg.

– Nedgangen på papir er som venta og gjev ein samla tilbakegang for avisene. Samstundes viser den digitale utviklinga at norske mediehus gjer gode strategiske val, og nettavisene held lesinga oppe i tøff konkurranse med dei globale plattformene, seier Øgrey.

(Pressemelding)



Skjermdump frå den interne kommunikasjonskanalen Slack.

Suksess for nynorskhjelp

NRK har etablert ei ny teneste for å betre kvaliteten på nynorsken på nrk.no. «Nynorskhjelparen» har på kort tid vorte ein suksess, fortel Rune Fossum Lillesvangstu.

For nokre år sidan innførte NRK Nynorskroboten, ei omsetjingsløysing frå bokmål til nynorsk, for å oppnå meir nynorsk på nett. Det har gjeve synlege resultat i språkstatistikken, men ein må samstundes vere på vakt:

– Språket blir ikkje alltid like godt. Iblant omset roboten direkte feil eller til dårleg nynorsk, forklarar Lillesvangstu.

Då er det godt med eit menneskeleg blikk på teksten:

– «Nynorskhjelparen» er ei teneste vi etablerte for heile NRK i haust. Alle som har skrive ei sak på nynorsk eller har omsett ei sak til nynorsk med roboten, kan sende saka si til oss i den interne kommunikasjonskanalen vår. Her får folk rask og effektiv språkhjelp. Det er språkvask, hjelp med formuleringar og råd om ordval, tone og stil.

FRÅ DUGNAD TIL SYSTEMATIKK

Senterleiar Lillesvangstu fortel at dei tidlegare hadde ei ordning med nynorskhjelp på dugnad. Nynorskbrukarar hjelpte til med språket når dei hadde tid:

– Då kunne det bli veldig tilfeldig, både kor mange som sende inn saker, og kor mange som faktisk fekk hjelp. Dessutan såg vi at aktiviteten gjekk ned. Det var difor behov for å setje dette i system på ein meir profesjonell måte.

Då var det at Marius Lillelien, direktør i distriktsdivisjonen, gav NRK Nynorsk mediesenter i oppdrag å greie ut ei ny ordning:

– Det er jo naturleg at ei slik ordning må ha base her i Nynorskhuset i Førde. Vi koordinerer arbeidet og bemannar så mange av vaktene vi klarar. I tillegg er det eit veldig godt samarbeid med NRK Vestland. Dessutan er NRK Vest si riksavdeling i Bergen og NRK Møre og Romsdal med på ordninga. Totalt sett er det eit veldig konstruktivt, godt og fruktbart samarbeid mellom oss som står bak, seier Lillesvangstu stolt.

STOR PÅGANG

«Nynorskhjelparen» er open fem dagar i veka kl. 8.15–15.30, og avdelingane bemannar faste dagar kvar seg – nokre med fleire ulike personar innom turnusen:

– Det er nok rundt ti–tolv personar som

Rune Fossum Lillesvangstu er leiar for NRK Nynorsk mediesenter. Foto: Ole André Rekkedal / NRK.

er involverte i tenesta totalt sett, trur Lillesvangstu.

Og behovet er der:

– I snitt vil eg tru vi har fem–seks saker om dagen. Eg hadde sjølv ti saker no nyleg, og det var ein travel og kjekk dag på jobb – akkurat slik vi ønskjer det!

Den som er på vakt, byrjar dagen med å presentere seg i informasjonskanalen og oppmode folk til å sende inn saker:

– Dei sender oss lenkje til førehandsvisning av saka, og så går vi inn og kikkar på språket. Heilt enkle ting rettar vi direkte i teksten. Dersom det er språklege ting som vedkjem journalistikken, eller om det går på stil eller formuleringar, går vi i dialog med journalisten og blir samde om kva som er best å skrive, fortel Lillesvangstu.

NØGDE BRUKARAR

Tilbakemeldingane på den nye tenesta har til no vore berre positive. «Jeg vil gjerne skryte av det nye opplegget med nynorskhjelp! Det fungerer så godt, og jeg har hittil bare positive erfaringer – rask hjelp, grundige tilbakemeldinger og hyggelige kollegaer.» er ei av tilbakemeldingane som har tikka inn. Folk er opptekne av språk og veldig glade for å få hjelp:

– Vi har faktisk vorte kalla kvardagsheltar. Det aller kjekkaste er når folk ønskjer tilbakemelding på språket sitt, og at dei har lyst til å lære og bli betre, seier Lillesvangstu.

Med tenesta ønskjer dei å vere eit viktig bidrag i arbeidet for at NRK skal klare nynorskkravet på nettsidene. Då er det ekstra hyggjeleg at kollegaene set pris på tiltaket:

– Det kjennest rett og slett meiningsfullt å vere nynorskhjelpar!

HÅPAR PÅ VIDARE DRIFT

Ordninga er delvis finansiert ut 2026, og det er mange som strekkjer seg litt ekstra for å få dette til:

– No må vi berre gje gass vidare, slik at denne tenesta blir knallgod og ønskt. Då håpar eg at vi kan halde fram, avsluttar Lillesvangstu.

AKSEL TORSNES MEHLUM

INTERVJU

No har Bjarte (72) dei gamle i fokus

Mange hugsar Bjarte Ytre-Arne frå NRKs ungdomsklassikar «Halvsju». No er han meir oppteken av dei eldre. Snart kjem ei bok med 68 gamlingar som han vil løfta fram.

– Det er verdt å snakka om gamle folk! Me er i ferd med å forsvinna frå offentlegheita. Du ser nesten ikkje ei rynke på TV lenger, ikkje grått hår heller. Det er i staden veldig mange unge folk, og med eit slikt bakteppe er dette prosjektet ikkje berre spennande og interessant, det er viktig, seier den landskjende psykologen og samlivsterapeuten Sissel Gran (74).

Ho er ein av dei 68 «gamlisane» som Bjarte Ytre-Arne har laga eit miniportrett av, og no skal ho fotograferast. Me kjem attende til Sissel, men først må me vita kvifor ungdomshelten for mange som var tenåringar på 80-talet, har reist land og strand rundt for å ta bilete av gamle folk.

WORKSHOP I VÅGÅ

– For, Bjarte, det er jo eit stykke frå «Halvsju» til ei bok med tittelen *Gamle gode folk, 68 over 67*. Kva skjedde?

– Vel, eg vart 70 år! Og på dagen inviterte eg 70 stykk til feiring. På førehand sende eg ut melding om at eg ikkje ville ha presangbord med flasker, lp-plater og bøker, men at eg ville gå på kurs med fotografmeister Morten Krogvold, og her er kontonummeret, fortel Bjarte.

Foto: Jani Fardal / NPK.

Bjarte Ytre-Arne fotograferer Sissel Gran utanfor Det Norske Teatret.
Foto: Jani Fardal / NPK.

Han fekk solid respons og drog til Vågå i oktober 2023. Første oppdrag frå kursleiaren var å gå ut i bygda og fotografera ein «vagvær», som det heiter der oppe.

– Då tenkte eg: Morten har vore her i 30 år, det bur ikkje så mange folk her. Er det nokon som ikkje har vorte tekne bilete av? Så såg eg ei dame på andre sida av gata. Ho hadde knallgul jakke, raud sykkel, litt blått i håret. Eg såg at ho var godt vaksen, som det heiter. Og så beskreiv eg henne for Morten: Det var ei dame eg såg borti gata. – Wenche, sa han. Gløym det. – Betyr det at ho er overfotografert? – Nei, tvert imot. Ho vil ikkje vera med på noko.

Bjarte såg Wenche att dagen etter og tenkte: – Det kostar ingenting å spørja. Eg gjekk etter ho inn på biblioteket, stilte meg opp ved sida av ho og sa: Så flott du er på håret.

Dermed var isen broten, og etter ein kaffi og ein hyggjeleg prat avslørte Bjarte at han var på workshop og skulle fotografera folk.

FLOTT STIL OG LIVSGLEDE

– Og så berre datt det ut av meg. Du skjønnar, eg ser etter folk litt oppi åra som held ein flott stil og viser livsglede, akkurat som deg. Etter å ha tenkt seg litt om kom det frå Wenche: – Eg har bestemt meg. Eg blir med.

Slik kom det prosjektet som Bjarte no er i ferd med å sluttføra, eitt steg vidare. Ikkje berre blir biletet av Wenche truleg omslag på boka, men måten han sa at han ville presentera ho på, vart også modell for innhaldet.

Det som først var ein tanke om ei rein fotoutstilling på Hamar, vart eit prosjekt med fokus på dei gode gamlingane, og inspirert av eit radioprogram om å vera så lei av å høyra om såkalla seniorar, eldre og godt vaksne, i staden for å seia at me er gamle. Og ikkje minst pusha Morten Krogvold, som er fotografert i svart-kvitt i boka, på – han lurte på kva som eigentleg var Bjartes prosjekt.

– Då tenkte eg: Kanskje prosjektet er det, då – å ta bilete av gamle folk, eller

– Eg har kjempegode døme på at den øvre aldersgrensa kanskje ikkje er nødvendig.

rettare ta bilete om gamle folk. For det er deg eg gjer. Eg har møtt folk som er oppegåande, anten i eit yrke eller som kunstnarar, eller dei berre er livsglade og held på med ting. Det er dei eg prøver å løfta fram. Dette kan kanskje bli til inspirasjon for eldre folk, eller barn og barnebarn som kan gi denne boka til foreldre eller besteforeldre som dei synest har parkert litt.

MOT ALDERSDISKRIMINERING

– For det kan vera ein liten kveik?

– Ja, men eg skriv ikkje om dei som ikkje får plass på sjukeheimar. Dei får jo nok i media. Eg vil ha dei som fortel gode historier som kan inspirera, og kanskje i nokre tilfelle provosera. For det er fleire som har opplevd aldersdiskriminering. Eg har kjempegode døme på at den øvre aldersgrensa kanskje ikkje er nødvendig. Mange av oss blir betre og betre og er kanskje på toppen av erfaring og kompetanse, og akkurat då blir me kasta ut. Og det er misbruk av verdifull arbeidskraft i eit samfunn som treng oss. Så det er litt av bodskapen i boka.

– Kvar har du funne desse 68 gamlingane?

– Etter at eg delte tanken om dette prosjektet på Facebook og LinkedIn, kom det forslag om spennande folk frå mange kantar av landet, og snart er alle 68 på plass. Dei fleste er frå Innlandet, der eg bur, men eg har farta rundt, har vore i Bergsdalen, min barndomsdal i Vaksdal og elles fått med folk i Oslo, Molde, Kristiansand, Akershus, Rogaland, Vestland, Vestfold, Trøndelag og Nordland. Det dyraste biletet var å portrettera NRKs Einar Lunde – som var på jobb som reiseleiar i Sør-Afrika, fortel Bjarte.

SJØLVTILLIT FOR GAMLINGAR

Han legg ikkje skjul på at bakgrunnen som journalist har vore viktig når det gjeld å møta folk og få dei til å bli interesserte og komfortable.

– I «Halvsju» hadde me eit «slogan» som sa at me var ein verkstad for sjølvtillit for 10–14-åringar. At me intervjua 10–14-åringar som sa ting som andre på same alder såg på. Det er jo litt av det same dette – ein verkstad for sjølvtillit for gamlingar. Eg hadde nyleg eit foredrag om prosjektet på Hamar. Der var det ein advokat som er 73. Etter foredraget sa han: Du har inspirert meg til å stå lenger i jobben. Eg skal ikkje gi meg enno. Så kanskje har eg lykkast?

Så attende til psykologen Sissel Gran som tykkjer det er kjempefint at gamle folk blir portretterte og løfta fram på ein positiv måte.

– Når me blir gamle, er me ofte berre ein sånn kuriositet. Men dette er jo menneske som har levd liv, då. Det synest eg er fint. Du må hugsa at gamle folk oftare og oftare forsvinn frå offentlegheita. Her møter me gamle folk som det mennesket dei er, og som meiningsberarar. Folk som har informasjon å komma med, som har historier å fortelja. Som har kunnskap og kompetanse å komma med. Så eg gler meg veldig til å lesa boka og sjå portretta, seier 74-åringen som er ei av dei 68 i boka som er planlagd i april.

– Heilt til slutt, Bjarte – er det framleis slik at folk kjenner deg att frå tida i «Halvsju»?

– Hehe, ja – men kanskje ikkje så mykje på grunn av utsjånaden. Dei hugsar det merkelege etternamnet …

JANI FARDAL / NPK

Årsmøte i Kringkastingsringen

Det blir ordinært årsmøte torsdag 16. april kl. 18 i Nynorsk bokhandel (Nordahl Bruns gate 15 i Oslo).

SAKLISTE
1 Konstituering
2 Årsmelding for 2025
2 Rekneskap for 2025
4 Arbeidsplan for 2026
5 Budsjett for 2026
6 Kringkastingsprisen – retningslinjer
7 Val

Den prisvinnande journalisten **Ragnhild Vartdal** gjestar møtet og snakkar om formidling av alt frå heimlege rentekutt til globale nyheiter på nynorsk – og korleis det var å jobbe i ein redaksjon med nynorsknekt.

Møtedokumenta blir publiserte på nettsida og Facebook-sida vår når dei er klare.

Møtet er ope for alle medlemmer, men vi vil gjerne ha påmelding for å få ordna ei høveleg mengd med biteti. Send ein e-post til post@kringkastingsringen.no om du kjem på møtet.

Verv og få premie!

Kringkastingsringen har hatt ein gledeleg medlemsauke dei tre siste åra. Vi vil gjerne bli endå fleire, og då treng vi di hjelp. Snakk med familie og venner om å bli med i Kringkastingsringen!

I tillegg til dei ettertrakta koppane våre har vi handlenett og kapsar, og både vervarar og nye medlemmer kan velje seg ei slik gåve.

Det er lett å melde seg inn! På kringkastingsringen.no/medlem ligg det eit kort skjema.

REPRISE

Medmenneske

I ÅR er det 150 år sidan Olav Duun vart fødd på Jøa i Trøndelag. Duun var ein av dei aller største i samtida – han var til dømes ein heit kandidat til Nobels litteraturpris –, men forfattarskapen hans har kanskje vorte litt gløymd i dei snart 90 åra som har gått sidan han døydde.

I DUUN-ÅRET 2026 er det tid for å rette på det! Det Norske Teatret starta året med ei nyoppsetjing av «Medmenneske», og Vårt Land kunne fortelje at «uten noen form for halsbrekkende modernisering fremstår stoffet slående relevant».

OM DU IKKJE har fått med deg den nye framsyninga, men likevel vil vere med og markere Duun-året, er det hjelp å finne i nettspelaren NRK TV. Her ligg nemleg den vidgjetne fjernsynsteaterversjonen av «Medmenneske» frå 1981. Du må setje av litt tid, for dei fire episodane varar i mest to timar kvar seg, men det er verdt det.

ROLLELISTA ER stjernespekka, som så ofte hjå Fjernsynsteatret. I hovudrolla som Ragnhild finn vi Britt Langlie, ektemannen Håkon blir spelt av Ståle Bjørnhaug, og verfaren Didrik er det Espen Skjønberg som gestaltar. Ei anna legende, som vi har nemnt i denne spalta tidlegare, Astrid Sommer, tek kaka som gammalfaster – eller «kvitugla».

I EI TID der det meste går kjapt, krev det litt å venje seg til tempoet i ein serie som nærmar seg 50 år. Men det er ei stor oppleving å sjå og høyre desse teatergigantane gje liv til menneska Duun skapte.

AKSEL TORSNES MEHLUM

KVISS

1. I haust etterlyste Språkrådet og LNK meir nynorsk på kino og hjå strøymetenestene. Kva står forkortinga LNK for?

2. Kvenfolkets dag blir markert 16. mars kvart år. Kva er bakgrunnen for datovalet?

3. Kven var kulturminister i Bondevik II-regjeringa (2001–2005)?

4. I kva by har NRK Møre og Romsdal hovudsete?

5. Kven skal leie Sámi Grand Prix i lag med Ánte Siri?

6. Kva heiter lokalavisa som held til på Fagernes?

Det kvenske flagget, design: Bengt Johansson-Kyrö

Løysing kryssord 4/25

Mange innsendarar hadde greidd å komme fram til denne løysingssetninga:

EI BARNEBLADKJEMPE TAKKAR AV ETTER TJUESJU ÅR

Dei tre som har fått ein fin premie i posten, er:

Unn Aarrestad, Oslo
Kari Tveit, Bø i Telemark
Kari Ingeborg Skjelsvold, Verdal

Kringom gratulerer!

Fasit: 1: Landssamanslutninga av nynorskkommunar / 2: Skipinga av organisasjonen Norske kvener i Børsely 16. mars 1984 / 3: Valgerd Svarstad Haugland / 4: Ålesund / 5: Isaiill Kolpus / 6: Valdres

KRYSS -ORD

EINAR SØREIDE

I kryssordet denne gongen heidrar vi ei høgaktuell Dagsnytt-legende. Send anten heile kryssordet til Kringkastingsringen, pb. 2987 Tøyen, 0608 Oslo, eller løysingssetninga til post@kringkastingsringen.no, og bli med i trekkinga av fine premiar. Hugs å sende med namn, postadresse og mobilnummer. Frist: 24. april. Lykke til!

STÅLE SOLBAKKEN PÅ NOKRE DØRER SKIKK OG BRUK | FALSK 1000 METER | HEIMEVERNET UNDER-TRYKKE | KVISER | GRÉT | HELLAR MOT VEST | FØR Å

NRK-TV-SERIE | RETN-ING | KVEN | GJET-ORDA | SØR-LEND-ING

ERBIUM STRÅL-TE | SELEN SÅR-MERKE | LIKE TOSK

KRINGK.-PRIS-VINNAR 1993 | NAB. | NRK-RADIO-PROGR. | ORD-SKIFTE AS. ELV | STEMME SEIG VÆSKE | MAST | SKON-ROK ÅKET | SMERTE KOLLE | TRE LIKE

SKARP-INGEN | GULL LIKE | SLETTE | KNATT-AR | DONALD SITT REVIR

KONGE PÅ FIRE BEIN | EDEL-GASS GOMLAR | EGNER-FIGUR

INN-FALLET | KONJ. AVSLO | FUGL TOGE | NESTE PIL

SLUMP-EN CIRKA | PLATE | KATA-STROFAL

BRIT. TV-ORGEL-DELEN | SELSKAP SØKKJE-STEINEN | VULKAN SPOTT | INSTRU-MENT DRIKKE | NORSK ELV

MUSE | STEIN-DUNG-ANE

SPRÅK GLØYME | BY OG ELV | IKKJE VEKS

KRAFT-KARAR PREP. | BAKKE-BRUN | MEDAL-JØR FASE

ARSEN | SKUBBE MORENE | STADION NABOAR | BRUTAL

LEVE | SVIV | UT-STIKKAR

NO. FILM-KLASS-IKAR

Namn, adresse, postnummer og mobilnummer:

RETUR:
Kringkastingsringen
Pb. 2987 Tøyen
0608 Oslo

NOREG P. P.
posten

KRING-
KASTINGS-
RINGEN